

# Retningslinjer for tilskot til kulturbygg i Vestland

- Vedtatt i hovudutval for kultur, idrett og integrering 13. januar 2021 -

*Retningslinjene har to delar. Del 1 byggjer på Kulturdepartementet sine retningslinjer for desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg, gjeldande frå 1. januar 2019. Punkt 2.2, 2.4, 3, 5 og 6 i retningslinjene frå Kulturdepartementet er ikkje teke med i dokument, då dei gjeld krav til fylkeskommunen. Del 2 av retningslinjene er fastsett av Vestland fylkeskommune.*

*Ordninga er finansiert av overskot frå statlege spel, kalla spelemidlar. Den årlege tildelinga av spelemidlar til kulturbygg vert vedteke ved kongeleg resolusjon, fordelt av Kulturdepartementet og forvalta av fylkeskommunen.*

## 1. Vilkår for tilskotsordninga fastsett av Kulturdepartementet:

### 1.1 Formål

Tilskota skal bidra til egna lokale, bygningar og utearenaer som gjev rom for ulik kulturell verksemd. Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Tilskot kan og gjevast til etablering av livssynsnøytrale seremonirom.

Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift.

### 1.2 Vilkår for tilskot

Lokala må vera planlagde ut frå definerte behov og bør vere fleksible. Kulturhusa bør lokaliserast sentralt i lokalsamfunnet eller regionen.

Bygningane skal i størst mogeleg grad fungere som kulturelle møtestader for alle grupper. Lokala skal vere opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengjast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

### 1.3 Utforming

Bygg som mottok tilskot skal utførast i samsvar med dei til kvar tid gjeldande føresegner i plan- og bygningslova, jf. m.a. § 29 i plan- og bygningslova. Fylkeskommunen må medverke til at bygga vert føremålstenlege ut frå formåla for prosjekta.

#### 1.3.1 Kvalitetssikring av planane

Planane må kvalitetssikrast med omsyn til funksjonalitet. Fylkeskommunane må i kvalitetssikringa av planane innhente uttale frå relevant fagleg hald, med mindre fylkeskommunen har slik kompetanse. Riksteatret kan kontaktast i kvalitetssikringa av planar om scenekunstlokale.

#### 1.3.2 Universell utforming

Kulturlokala eller -arenaene som mottok tilskot skal vere universelt utforma i samsvar med plan- og bygningslova og forskrifter til denne, sjå Forskrift om tekniske krav til byggverk (Byggteknisk forskrift). Dette gjeld både tilskott til nybygging og til ombygging.

### 1.3.3 Arkitektonisk utforming

Kulturbygget eller utandørsarenaen må få ei god arkitektonisk utforming<sup>1</sup> i samsvar med bygningen eller arenaen sin funksjon og etter reglar gjevne i plan- og bygningslova.

### 1.4 Tilskotsatsar

Tilskot kan utgjere inntil 1/3 av godkjende prosjektkostnader for kulturbygget. For søkjarar som har krav på refusjon av meirverdiavgift skal tilskotsdelen på 1/3 reknast ut frå prosjektkostnadene etter at meirverdiavgifta er trekt frå.

Dersom kulturbygget er samlokalisert med andre verksemdar, skal ein dele kostnadene til fellesareal og sambruksareal.

### 1.5 Rett til klage

Forvaltningslova, § 28 andre ledd, gjev søkjarar rett til å klage på enkeltvedtak. Vedtaket kan klagast til det forvaltingsorganet som er nærast overordna det forvaltingsorganet som har fatta vedtaket. Kulturdepartementet er klageinstans for vedtak fatta av fylkeskommunane i saker om forvaltninga av denne ordninga. I fylkeskommunane si underretning til søkjarane om vedtak skal det mellom anna gjevast opplysningar om høve til klage og klagefrist, jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd.

## 2. Vilkår for tilskotsordninga fastsett av Vestland fylkeskommune:

### 2.1 Fylkeskommunale prioriteringar:

Følgjande vert prioritert ved tildeling av midlar:

- a) Lokale arenaer, som t.d. grendehus, forsamlingshus og ungdomshus, som inneheld kulturaktivitet (dans, teater, musikk, kunstformidling osv.) vert prioritert.
- b) Fornyte søknadar som er godkjent i anleggsregisteret tidlegare, men som har fått avslag grunna manglande rammer.
- c) Kommunale prioriteringar vert følgde, så langt som råd.
- d) Kommunal medfinansiering av prosjektet er ein føremon.
- e) Geografisk breidde i tildelingane.

### 2.2 Kven kan søkje:

Søkjarar om tilskot til kulturbygg kan vere

- kommunar, kommunale føretak og fylkeskommune
- frivillige lag og organisasjonar
- aksjeselskap (AS), allmennaksjeselskap (ASA), samvirkeføretak (SA) og andre selskap med avgrensa ansvar (BA)
- stiftingar
- andre samanslutningar

Det vert ikkje opna for å gje tilskot til tiltak eller organisasjonar der føremålet er organisasjonen eller privatpersonar si eiga økonomiske vinning. Går eit kulturbygg med

---

<sup>1</sup> Omgrepet «god arkitektonisk utforming» er eit samleomgrep for integrering av visuelle kvalitetar, brukbarheit, funksjonalitet og universell utforming. Omgrepet omhandlar såleis ikkje berre utsjånad, men alle element i plan- og bygningslova som skal balanserast mot kvarandre for å få ein tilfredsstillande heilskap både ved prosjektering og utføring.

overskot skal overskotet nyttast til vidare drift eller vidare investering i kulturbygget.

### 2.3 Søknadsfrist:

Kommunane skal overføre søknadar frå sin kommune til Vestland fylkeskommune innan 30. april kvart år, gjennom [www.anleggsregisteret.no/kulturanlegg/](http://www.anleggsregisteret.no/kulturanlegg/).

Søknadar som vert sende til fylkeskommunen etter fristen vert ikkje godkjende.

### 2.4 Tilskotssum:

2.4.1 Søknadssummen kan utgjere inntil 1/3 av totalkostnad for prosjektet.

2.4.2 Minste tilskotssum er 100 000 kr. Minste tilskotssum til tiltak som gjev universell utforming er 50 000 kr.

2.4.3 Maksimal tilskotssum: Då omfanget av den desentraliserte tilskotsordninga til kulturbygg er avgrensa er det naudsynt å setje ein maksimal tilskotssum for kvart tiltak. Tilskot kan bli tildelt gjennom ein eller fleire søknader.

- **Lokalt kulturbygg:** Eit lokalt kulturbygg kan maksimalt innanfor ein 20-årsperiode få tildelt 1 500 000 kr.
- **Kulturbygg med regional funksjon:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylkeskommune vurderer dette frå prosjekt til prosjekt.

2.4.4 I dei tilfelle der eit lokalt kulturbygg delvis har regionale funksjonar kan hovudutval for kultur, idrett og integrering gjere skjønsmessige vurderingar av samla tilskot.

2.4.5 Fylkeskommunen kan gje delløyving til ein søknad, dersom tilskotet elles vil utgjere ein uforholdsmessig stor del av den totale tilskotssummen. Søkjar skal då sende inn gjenteken søknad i neste søknadsrunde. Søknaden skal oppdaterast med ev. endringar, jf. pkt. 2.7.3.

### 2.5 Avgrensingar:

2.5.1 Spelemidlar skal ikkje bli gjort om til fortjeneste for private fortjenestebaserte aktørar.

2.5.2 Søknad må bli fremja seinast i det kalenderåret tiltaket på bygget/arenaen er påbegynt.

2.5.3 Det vert berre gitt tilskot til permanente/fastmonterte installasjonar og inventar.

2.5.4 Det vert ikkje gitt tilskot til

- vedlikehald og drift
- rehabilitering til lokale/bygning/arena som er nyare enn ti år.
- utbetring av skadar pga. feil ved planlegging, utføring eller manglande vedlikehald
- ferdigstilte byggeprosjekt, som det ikkje er søkt om støtte til tidlegare
- diverse laust utstyr, t.d. bord, stolar, kvitevarer, laust teknisk utstyr som skal brukast i permanent scenerigg (t.d. lyskastarar, høgtalarar osv., sceneteppe), blending som ikkje er av permanent karakter
- utomhusarbeid, til dømes tilførsels- og avløpsleidningar for vatn og kloakk, tilførselsleidningar for elektrisitet, inngjerding, vegar og parkeringsplassar

- leige, tileigning av grunn, tilknytingsavgifter, reguleringsarbeid, dekking av gjeld

## **2.6 Følgjande vedlegg skal følgje søknaden:**

- Dokumentasjon på kven som er eigar av tiltaket/bygget, jf. punkt 2.10.3.
- Vedtekter for bruken av bygget/arenaen.
- Framdriftsplan for tiltaket.
- Skriftleg presentasjon av tiltaket, inkludert ei behovsvurdering.
- Ved ombygging, modernisering og rehabilitering skal det liggje ved omtale av eksisterande drift og bruk av kulturbygget.
- Plan for bruk, drift og forvaltning av kulturbygget. Planen skal mellom anna gje opplysningar om brukstid og brukargrupper.
- Teikningar av bygget/lokala. inkl. ev. etasjar som ikkje er omfatta av tiltaket i søknaden. Teikningane skal ha rette mål og mål skal vere oppgjevne. Alle teikningar skal ha tittelfelt som inneheld skildrande namn (plan/fasade/snitt etc.).
- Detaljert kostnadsoverslag for tiltaket. Administrasjonskostnadar, medrekna utgifter til revisjon, kan maksimalt utgjere 5 % av godkjend totalkostnad.
- Finansieringsplan, som gjer greie for finansieringa av dei samla kostnadane med tiltaket. Søknaden må vere fullfinansiert. Dokumentasjon på finansiering må ligge ved søknaden. Finansieringa skal vere dokumentert slik:
  - Eigenkapital: Eigenkapital blir stadfesta med kontoutskrift frå bank e.l. som viser at summen er bunden til bygginga av anlegget.
  - Lån: Skal vere stadfesta med kopi av godkjent lånetilsegn.
  - Offentlege tilskot skal vere stadfesta med kopi av vedtak/tildelingsbrev.
  - Private tilskot: Pengegåver skal vere stadfesta med gåvebrev.
  - Dugnad: Dugnadsarbeid set de opp i eige dugnadsoversyn som er utarbeidd med utgangspunkt i kostnadsoverslaget i søknaden. Verdien av dugnadsarbeidet skal reknast ut av ein kvalifisert fagperson (til dømes kostnadsvurdering/tilbod frå kommune, firma, entreprenør, handverkar e.l.). Oversynet skal vere signert. Ein skal ikkje ta med meirverdiavgift på dugnad.

## **2.7 Søkjar sitt ansvar:**

2.7.1 Søkjar tar kontakt med kommunen der bygget/arenaen ligg, for å varsle om søknaden. Kommunen tildeler anleggsnummer i anleggsregisteret om det blir søkt om tilskot til bygg/arena som ikkje er registrert tidlegare.

2.7.2 Søkjar legg inn søknad med alle vedlegg i [www.anleggsregisteret.no/kulturanlegg/](http://www.anleggsregisteret.no/kulturanlegg/) innan søknadsfristen i sin kommune.

2.7.3 Er søknaden fornya eller gjenteken (det betyr at søknaden er registrert og godkjent tidlegare år), legg søkjaren denne inn i anleggsregisteret. Søkjar treng ikkje å legge inn godkjente vedlegg som er sendt inn saman med tidlegare søknad, dersom informasjonen i vedlegga framleis er gyldig. Oppdatert kostnadsoverslag må likevel leggest ved. Søkjar må gjere greie for framdrifta i tiltaket og eventuelle avvik/endingar frå tidlegare innsendt søknad.

## **2.8 Kommunen sitt ansvar:**

2.8.1 Kommunen set lokal søknadsfrist i kommunen for søknadar om tilskot til kulturbygg.

2.8.2 Kommunen legg inn anleggsnummer og verksemd i anleggsregisteret i dei tilfella der bygget/arenaen ikkje er registrert i anleggsregisteret tidlegare.

2.8.3 Kommunen behandlar søknadene i anleggsregisteret for å sikre at dei fyller dei formelle krava. Kommunen set status «i orden» eller «ikkje i orden» på søknadane. Søkjar skal gjennom søknaden komme med ei behovsvurdering som kommunen kan godkjenne ved å markere søknaden som «i orden».

2.8.4 Kommunen overfører alle søknadar dei har motteke i anleggsregisteret til fylkeskommunen innan 30. april.

2.8.5 Ligg det føre fleire søknadar frå ein kommune skal kommunen gjere ei politisk vedteken prioritering mellom søknadane. Kommunen sender brev via e-post til fylkeskommunen med oversyn over prioriteringa, saman med kopi av det politiske vedtaket, innan 30. april.

2.8.6 Dersom fylkeskommunen ber om nødvendige vedlegg og dokumentasjon vert dette gjort via kommunen der bygget/arenaen ligg. Kommunen kontaktar søkjar for å hente inn dokumentasjonen, og legg denne inn i anleggsregisteret innan ny frist sett av fylkeskommunen.

## **2.9 Fylkeskommunen sitt ansvar:**

2.9.1 Fylkeskommunen behandlar søknader om tilskot til kulturbygg etter delegert mynde frå Kulturdepartementet.

2.9.2 Fylkeskommunen skal ved saksbehandlinga kontrollere at søknadane er fullstendige med nødvendige vedlegg. Ved manglar kontaktar fylkeskommunen kommunane for å be om nødvendige vedlegg/tillegg.

2.9.3. Fylkeskommunen skal ut frå føremål og prioriteringar i retningslinjene fordele tilskot mellom dei godkjente søknadene. Hovudutval for kultur, idrett og integrering fordele midlane i ordninga.

## **2.10 Andre vilkår:**

2.10.1 Bruksendring til anna enn kulturføremål kan ikkje skje utan skriftleg førehandsgodkjenning frå fylkeskommunen.

2.10.2 Ved opphøyr av aktivitet eller endring av bruken av kulturlokala dei fyrste 20 åra etter at tilskot er gjeve, skal dette meldast til fylkeskommunen. Fylkeskommunen kan då kalle tilbake heile eller delar av tilskotet.

2.10.3 Søkjar skal dokumentere rett til bruk av eigedom og anlegg i minimum 20 år. Retten skal ha heimel i eit av følgjande forhold:

- Tinglyst eigedomsrett, som skal dokumenterast av utskrift av grunnboka.
- Tinglyst feste/leigeavtale på minimum 20 år, og stadfesta utskrift av grunnboka.
- For anlegg på kommunal eller fylkeskommunal grunn skal det leggjast fram avtale frå grunneigar om bruk av denne, på minimum 20 år.

## **2.11 Utbetaling:**

2.11.1 Utbetaling av tilskot skjer i samsvar med framdrift og likviditetsbehov. Søkjar kan be om delutbetaling når arbeidet er kome godt i gang, og/eller når tiltaket nærmar seg slutføring. Oppmoding om delutbetaling og sluttutbetaling blir sendt via kommunen. Ved delutbetaling skal kommunen stadfeste informasjonen om framdrift for tiltaket. Sluttutbetaling skjer etter at ferdigattest og revidert rekneskap er sendt inn til fylkeskommunen via kommunen. Rekneskapen skal reviderast av kommunerevisjonen. Inntil revidert rekneskap ligg føre skal fylkeskommunen halde attende minst 10 % av tilskotet.

2.11.2 Utbetaling av tilskot (delutbetaling og sluttutbetaling) vert formidla via kommunen.

2.11.3 Tilsegn om tilskot gjeld i inntil tre år frå svar om vedtaket er sendt til søkjaren. Tilsegna fell bort og midlane vert inndregne om tiltaket ikkje er sett i gang, eller søkjaren ikkje har bede om utbetaling av tilskotet i samsvar med framdriftsplan, innan tre år etter at svar er sendt ut.

2.11.4 Viser rekneskapen at tiltaket har blitt rimelegare enn det som ligg til grunn i det godkjende kostnadsoverslaget i søknaden, vil tilskotssummen bli justert tilsvarende og restsummen blir inndregen.

## **2.12 Definisjonar:**

- Kulturbygg er eit frittstående bygg eller delar av eit bygg der funksjonaliteten gjev rom for ulik kulturell verksemd.
- Nybygg: Eit nytt bygg kan vere eit komplett nytt kulturbygg, men òg eit eksisterande bygg som endrar funksjonalitet til kulturbygg.
- Ombygging vert å rekne som endring av funksjonaliteten ved eksisterande areal eller gjennom påbygging av eksisterande bygningsmasse.
- Modernisering er å rekne som ei oppgradering av eksisterande areal og funksjonar, slik at kvaliteten og funksjonen er i tråd med moderne kvalitetskrav, teknologi, miljøkrav m.m.
- Rehabilitering er istandsetting av ei eining, ein bygning eller delar av denne for oppgradering til notidig føremål og kvalitetskrav.
- Vedlikehald er tiltak for å oppretthalde ein tilstand som gjer ei eining i stand til å utføre sin funksjon og som hindrar forfall. Vedlikehaldet har som mål å oppretthalde den kvalitet og funksjon eininga hadde då den var ny.
- Lokalt kulturbygg / lokal kulturarena: Eit lokalt kulturbygg/arena har som målgruppe brukarar frå eit avgrensa geografisk område innan eigen kommune.
- Kulturarena med regionale funksjonar: Ein kulturarena med regionale funksjonar kan bli eigd av ein eller fleire aktørar. Målgruppa og brukarane skal vera innbyggjarar i fire eller fleire kommunar. Funksjonane og kvaliteten på tilboda skal ha høg kvalitet og ha regional interesse. Har bygget ein scene skal denne tilfredstille Riksteateret sine krav for å nytte scena.
- Søknadstypar:
  - Ny søknad: Vert nytta når søknaden ikkje har vore fremja tidlegare.
  - Fornya søknad: Vert nytta når søknaden har vore fremja og godkjent tidlegare utan at det er gitt tilskot.

- Gjenteken søknad: Vert nytta når det er gitt deltilskot på tidlegare søknad og søknaden er fremja på nytt.